



Sogn og Fjordane orienteringskrins

Rettleiar for kontroll av krinsløp i Sogn og Fjordane Orienteringskrins

Teknisk delegerte (TD) vert nemnt opp av Teknisk råd i krinsen blant kandidatar føreslått av krinsens sine arrangørklubbar. TD si oppgåve er i samarbeid med løpsleiar og løypeleggjar å kvalitetssikre arrangementet og sjå til at det vert arrangert i samsvar med konkurransereglane. TD har teingsplikt om terreng, kart, løyper og andre høve som kan gje deltakarane konkurransefortrinn. Krinsen dekkjer køyregodtgjersle for arbeidet som TD på krinsmeisterskap etter statens satsar. Skjema ligg på krinsen si heimeside.

Dei fleste dokument det er vist til i denne rettleiaren finns på Norsk Orientering si heimeside, <http://orientering.no/forbund/lover-og-regler/>, mellom anna oversikt over «Konkurransereglane», «Regler for kartarbeid» og «Retningslinjer for o-idrettens forhold til naturmiljø og rettighetshavere».

Teknisk delegert skal som eit minimum utføre følgjande oppgåver:

1. Jamfør konkurransereglane §14 og VDG-avtalen:
 - a) Så tidleg som muleg sjekke at løypeleggar har eit grunnlagskart kor område som har restriksjonar er teikna inn. Som minimum skal ein teikne inn restriksjonar på verna område og andre områder kor aktivitet vert avgrensa av Norsk lov. For løp i hekke- og yngletida skal også hekke-/yngle-område vere med.
 - b) Når løyper er klare, sjekk at postar som ligg i område med restriksjonar er godkjend av rette mynde (for verneområde: forvaltar, normalt Statsforvaltar, for hekke-/yngleområde: kommune, miljøvernkonsulent/viltnemnd eller grunneigar).
 - c) Sjekke løyve frå grunneigar til samlingsplass inkl. toalettøysing og avfallshandtering.
 - d) Dersom offentleg veg vert nytta, sjekk løyve frå politiet.
 - e) Dersom høgtalaranlegg vert nytta, sjekk løyve frå kommunelege.
 - f) Dersom det har vore skade på menneske eller dyr under løpet, eller person er sakna, sjekk at hendinga er handtert i samsvar med arrangørrettleiar og at NOF er varsla om skada dyr.
2. Sjå til at innbyding og PM gjev tilstrekkeleg informasjon til løparane. Krav til innhald i innbyding og PM går fram av konkurransereglane, høvesvis punkt 22.3 og 22.5. For krinsløp gjeld at innbyding skal leggjast ut i Eventor seinast fire veker før påmeldingsfristen går ut.
3. Kontrollere at løype- og klassesetilbodet dekkjer alle alder og dugleiksnivå, ver spesielt merksam på nytt klasse- og løypetilbod vedtatt for sesongen 2022. Det er viktig å merke seg at det skal vere tilbod om opne løyper med direktepåmelding for alle dugleiksnivå, jamfør punkt 16.1.1 i konkurransereglane.
4. Sjekke at kartet er godkjend av krinsen. TD skal kontrollere at kvaliteten på løpskartet som løparane får delt ut blir tilfredsstillande. Det skal nyttast godkjent printer. Alternativt skal prøvetrykk sendast til og godkjennast av TD. For print av kart, sjå <http://www.orientering.no/om-idretten/kart/print-av-kart/>
5. Kontrollere at løypelegginga er tilpassa øving (langdistanse, mellomdistanse eller sprint). Mellomdistanse: Orienteringsteknisk krevjande med fokus på finorientering og retningsskifte. Langdistanse: Variasjon mellom ulike orienteringsteknikkar med vegvalsalternativ og innslag av langstrekk. Sprint: Teknisk enkle postar, men vanskelege vegval som stiller krav til høg

konsentrasjon. Løpsunderlag skal gje høve til høg løpshastigheit. Løypelengdene skal vere tilpassa slik at dei rettleiande vinnartidene vert:

Klasse	Langdistanse	Mellomdistanse	Sprint
D/H 13-14	30-35 min	20-23 min	13-15 min
D/H 15-16	35-40 min		
D 17-18	45-50 min	23-25 min	13-15 min
D 19-20	50-55 min		
H 17-18	50-55 min		
H 19-20	60-70 min		
D 21	60-70 min	33-35 min	13-15 min
H 21	75-90 min		
Alle klassar 35-	45-60 min	25-30 min	15-20 min

Sjå også dokument på NOF sine sider «Særpreg for ulike distanser og anbefalte vinnertider». For stafettar og andre sprintøvingar viser vi til IOF sine reglar for fot-orientering, appendix 6 (side 46-51).

- Kontrollere at løypene si vanskegrad er i tråd med krava til dei ulike nivåa med særleg fokus på B, C og N-løypene. N: Løypa leggst langs leielinjer (veg/sti/bekk/open myr). N-løypa skal ikkje skifte leielinje mellom postar. Ved mangel av leielinje skal det merkast. C: Løypa skal fortrinnsvis langs leielinjer. Postane kan leggst litt vekk frå leielinjene, men det skal vere oppfangande detaljar rundt postane. B: Løypa skal vere relativt enkel med oppfangande detaljar i nærleiken bak postane. Postdetaljane skal vere tydelege og lette å lese.

For å gjere det enklare for spesielt nye i orientering å velje rett klasse/nivå, bør arrangøren verte oppmoda til å ha med ei enkel forklaring på løypenivå (N, C, B og A) i invitasjonen eller legge ut ei oversikt i pdf på arrangementets side i Eventor. Sjå dokumentet «Forklaring på løypenivå orientering» eller utfyllande informasjon i brosjyren «Riktige løyper for barn og ungdom» på Norges orienteringsforbund sine heimesider.

- Kontrollere at arrangør har god rutine for eigenkontroll av postplassering, eventuelt stikkprøver, og kontrollere postskildringar før løypene vert trykt.
- Sjå til at arrangøren organiserer gjennomløpning, helst av kvar løype, før start på løpsdagen. Alle postar skal bli besøkt og alle stemplingseiningar skal kontrollerast.
- Sjå til at deltakarane i N-open ikkje får registrert tid og D/H-10 ikkje vert rangert og at reglane for utdeling av kart på førehand vert halde, jamfør konkurransereglane punkt 22.8.7 og 22.8.8.
- Sjå til at reglane for premiering, særleg for dei yngste klassane, vert halde. Sjå konkurransereglane, punkt 22.15 og NOF si «Forskrifter for påmelding, premiering og resultatservice».
- Fylle ut rapporteringsskjema (finns på krinsen si heimeside) og sende dette inn til leiar i krinsen i løpet av ei veke etter løpet har vorte arrangert.

Sist oppdatert: 09.04.24